



Tippetue Arkitekter AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1590 - 15/2147

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

05.02.2015

Merknad til søknad om løyve til igangsetting av betong-, stål- og røyrrarbeid på blokk 1 innanfor felt B2 i Løypetona - gbnr. 23/509 i Meland kommune

Det vert vist til søknad journalført 15.12.2015 om endring av gitt rammeløyve av 26.9.2013 i DNT-sak 169/13, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd. Sjølv om det formelt er søkt om endring av gitt rammeløyve, går det fram av innhaldet i søknaden at det òg er meint søkt om løyve til igangsetting (IG) av betong-, stål- og røyrrarbeider på blokk 1 med tilhøyrande søknadar om godkjenning av føretak for ansvarsrettar.

Gjennom vedtak av 4.2.2015 godkjente kommuneadministrasjonen den omsøkte endringa i rammeløyvet, medan det i det følgjande skal takast stilling til føreliggjande søknadar om høvesvis IG for deler av tiltaket og godkjenning av ansvarsrettar.

Før administrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde alle dei opplysningar og all dokumentasjonen som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4 («fullstendig søknad»). I høve til føreliggjande søknad vært det særleg vist til SAK10 § 5-4 tredje ledd, bokstav q: («*Opplysninger som er relevante ved søknad*»):

q) søknader om lokal godkjenning for ansvarsrett med relevant dokumentasjon.»

Direktoratet for byggkvalitet skriv i sin rettleiar følgjande om bruken av denne føresegna:

«Det skal vedlegges søknad om godkjenning for ansvarsrett for alle ansvarsområder i tiltaket. (...)

Før igangsettingstillatelse qis skal ansvarsrett for alle faqområdene som omfatter prosjektering, utførelse og kontroll være godkjent. Søknaden skal inneholde informasjon om foretaket, nødvendig kontaktinformasjon og opplysninger om foretakets system og kvalifikasjoner samt oversikt over kompetansen foretaket benytter i tiltaket.» [adm. understreking.]

Administrasjonen viser i den samanheng òg til pbl. § 23-4, første og andre ledd («Ansvarlig søker»):

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Ansvarlig søker er tiltakshavers representant overfor kommunen, og har ansvar for at søknaden inneholder nødvendige opplysninger for at kommunen skal kunne ta stilling til om tiltaket er i samsvar med bestemmelser og tillatelser gitt i eller i medhold av denne lov.

Ansvarlig søker skal samordne de ansvarlige prosjekterende, utførende og kontrollerende, og påse at alle oppgaver er belagt med ansvar.» [adm. understreking.]

Det er altså ikkje påkravd at det skal ligge føre godkjenning av ansvarsrett for alle oppgåver innan tiltaket vert sett i gong, med løyve til IG føreset uansett at kommunen har godkjent føretak for ansvarsrettar som dekker alle fagområde og funksjonar som vert omfatta av den delen av tiltaket som det vert søkt om IG for.

Administrasjonen kan på denne bakgrunn førebels ikkje handsame føreliggjande søknad om IG, ettersom fleire aktuelle oppgåver p.t. ikkje er belagt med ansvar:

Gjennom rammeløyyvet av 26.9.2013 godkjente administrasjonen følgjande føretak for ansvarsrett:

Føretak	Godkjenningssområde for funksjon og ansvar
Tippetue Arkitekter AS Organisasjonsnummer 980 043 924 Sentral godkjenning	SØK (tiltaksklasse ikkje oppgjeve) PRO arkitektur (tkl. 3)

Gjennom etterfølgjande løyve til IG av grunn-, betong- og utandørs røyrrarbeid av 1.7.2014 godkjente administrasjonen vidare følgjande føretak innanfor tiltaksklasse 2:

Føretak	Godkjenningssområde for funksjon og ansvar
Haugen VVA AS Org.nr. 911 566 664 Sentralt godkjent	PRO vassforsynings-, avlaups- og fjernvarmeanlegg PRO uteareal og landskapsutforming
Drange Maskin AS Org.nr. 977 056 306 Sentralt godkjent	UTF grunnarbeid UTF betongkonstruksjonar UTF utv. sanitær-, varme- og sløkkjeinstallasjonar
Rambøll Norge AS Org.nr. 915 251 293 Sentralt godkjent	KONT konstruksjonstryggleik KONT geoteknikk KONT bygningsfysikk

I samband med føreliggjande søknad om IG av betong-, stål- og røyrrarbeider på blokk 1, vert det no i tillegg søkt om godkjenning av følgjande føretak for ansvarsrett i tiltaksklasse 2:

1. Skarsvåg Rør og Interiør AS: UTF for røyrinstallasjonar og sanitær- og varmeanlegg.
2. Con-Form AS: UTF for plasstøpte betongkonstruksjonar og berande metall- og betongkonstruksjonar.
3. Miljøconsult AS: PRO for sanitær-, varme og sløkkjeinstallasjonar, vassforsynings-, avlaups og fjernvarmeanlegg og ventilasjons- og klimainstallasjonar.

Det følgjer dertil av søknad om endring av rammeløyve dagsett 15.12.2014 at endringa òg omfattar «*ny ansvarsrett, skifte av ansvarsrett, avsluttet ansvarsrett*», med utan at det er nærmare presisert i søknaden kva funksjonar og oppgåver som faktisk vert høvesvis skifta og avslutta. Dette inneber m.a. at fleire føretak synast å ha søkt om ansvarsrett for same fag- og ansvarsområde tilknytt lågblokk 1, t.d. for utføring av betongkonstruksjonar (Drange Maskin AS og Con-Form AS).

Dersom fleire føretak har søkt om ansvarsrettar for overlappende fag- og ansvarsområde, må ansvarleg søkjar nærmare presisere fordelinga av dei aktuelle ansvarsrettane.

Saman med føreliggjande søknad om IG er det vedlagt ein gjennomføringsplan, men berre eit fåtal av føretaka som er oppgjeve som ansvarlege føretak har p.t. faktisk søkt om godkjenning for dei aktuelle ansvarsrettane. I tillegg er ansvarsrett for einskilde, naudsynte oppgåver korkje omsøkt eller omfatta av føreliggjande gjennomføringsplan, t.d. ansvar som UTF av innmåling og utstikking av tiltak. Sistnemnde er ei oppgåve som uansett må vere belagt med ansvar før administrasjonen kan godkjenne IG for betong-, stål- og røyrarbeider på blokk 1.

I tillegg er det fleire oppgåve som kommunen meiner skal eller bør vere belagt med ansvar, før føreliggjande søknad om IG kan godkjennast. Dette gjeld særleg (men ikkje naudsynleg uttømmande):

4. PRO av konstruksjonstryggleik
5. PRO av branntryggleikskonsept
6. Uavhengig kontroll (KONT) av prosjektering av branntryggleikskonsept

Sistnemnde oppgåver vil normalt kunne vere omfatta av godkjenningssområdet PRO arkitektur, men på bakgrunn av føreliggjande gjennomføringsplan legg administrasjonen til grunn at ansvaret for desse oppgåvene skal omsøkjast særskilt av eige føretak.

Administrasjonen føreset at ansvarleg PRO av konstruksjonstryggleik òg tek på seg å prosjektere området geoteknikk. I motsett fall må det sendast inn eige søknad om godkjenning av ansvar for dette.

Administrasjonen legg elles til grunn at prosjektering av fagområda PRO for høvesvis oppmålingsteknikk, bygningsfysikk og lyd- og vibrasjonstilhøve er omfatta av føreliggjande godkjenning av Tippetue Arkitektur AS som ansvarleg for PRO av arkitektur i tiltaksklasse 3. I motsett fall må det òg sendast inn eige søknad(ar) om godkjenning for slikt ansvar.

Oppsummering:

Før administrasjonen kan handsame føreliggjande søknad om IG, må det ligge føre godkjenning av føretak med ansvarsrettar tilknytt dei fagområda og funksjonane som er omfatta av den delen av tiltaket som det no vert søkt om IG for, jf. gjennomgangen over. Etter administrasjonen si vurdering gjeld dette – i samband med føreliggjande søknad om IG – uansett følgjande funksjonar og oppgåver: PRO brannkonsept, PRO

konstruksjonstryggleik, PRO geoteknikk (med mindre prosjekterande for konstruksjonstryggleik har tatt på seg ansvar for dette), KONT av prosjektering av branntryggleikskonsept og UTF av innmåling og utstikking av tiltak.

I tilfelle kor fleire føretak eventuelt har søkt om ansvar for overlappende fag- og ansvarsområde, må ansvarleg søkjar presisere fordelinga av dei aktuelle ansvarsrettane. Administrasjonen minner igjen om at det ligg innanfor ansvarleg søkjar sitt ansvar å sjå til at alle oppgåver er dekkja av ansvarsrettar.

Dykkar søknad om løyve igangsetting av betong-, stål- og røyrarbeider på blokk 1 vert lagt i ventearkiv i påvente av at naudsynt dokumentasjon vert innsendt, jf. pbl. § 21-1 og SAK10 § 5-4. Når søknaden er komplett vil saka bli tatt opp til endeleg handsaming. Kommunen held seg likevel rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom administrasjonen finn dette naudsynt.

Føreliggjande søknadar om godkjenning av ansvarsrettar for Skarsvåg Rør og Interiør AS (UTF for røyrinstallasjonar og sanitær- og varmeanlegg), Con-Form AS (UTF for plasstøypete betongkonstruksjonar og berande metall- og betongkonstruksjonar) og Miljøconsult AS (PRO for sanitær-, varme og sløkkjeinstallasjonar, vassforsynings-, avlaups og fjernvarmeanlegg og ventilasjons- og klimainstallasjonar) vil verte handsama når søknaden om IG av betong-, stål- og røyrarbeider på blokk 1 elles er komplett..

Gebyr for kommunen si handsaming vert ettersendt, jf. Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (Gebyrregulativ for Meland kommune) pkt. 10.2.10 («*Mangelfull sak m/ melding til søkjar*»).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
JM Norge AS

Mottakere:

Tippetue Arkitekter AS